

Referat ungdomsråd 14.02

Møtet var utsett frå 13.12 (grunna koronarestriksjonar).

Tilstades frå ungdomsrådet: Emilie Engseth Nyhammer (leiar), Tuva Ladden (nestleiar), Selma Meling, Marianne Steinsvåg Tollaksvik, Thilde Brendeseter, Mats Rissmann-Bredesen, Eirik Nitter, Hannah Breivik, Thilde Irene Heldal Brendesæter, Åsa Totland og Bjarte Notland Tjensvoll.

Tilstades frå fadrar/eksterne: Ragnfrid Sønstabø (varaordførar, med på siste del av møtet), Siv Linda Vespestad (representant kommunestyret, med på første del av møtet), Anne T Johannessen (leiar Bømlo frivilligsentral), Lene Borgen Waage (rådgivar folkehelse og frivilligheit, koordinator, referent)

Desse hadde meldt forfall: Silas Eidesvik, Line Eidesvik, June Meling Tverborgvik, Vetle Sortland Rolfsnes , Hannah Stokkenes Jenkins, Lina Eidet.

PS 01/22 Prosjekt ungdomsrådet er involvert i

På oppstartssamlinga i oktober 2021 valde ungdomsrådet ut nokre tema dei ønskte å ha særskilt fokus på¹. I møtet la deltakarane fram kva som har skjedd på ulike område og vidare arbeid.

- Møteplass for ungdom: Emilie Engseth Nyhammer og Tuva Ladden deltok i november på seminar der mellom anna utvikling av møteplassar var tema. Emilie viste mellom anna film om eit prosjekt som har mange likhetstrekk med prosjektet Bømlo ungdomsråd ønskjer seg: <https://www.facebook.com/watch/?v=3644111835651168>. Andre viktige poeng Emilie trekte fram var at det var viktig å synleggjera kva som er målet med prosjektet og bruke gode argument når ein legg fram saka. Emilie og Tuva har førebudd sak til open talarstol i kommunestyret 14.2. I Ungdomsrådsmøtet øvde Emilie og Tuva på å gå på talarstolen og varaordførar og dei andre politikarane forklarte kva som kom til å skje og ga positive tilbakemeldingar på manus og gjennomføring.
- ALLEMED: Eit av prosjekta ungdommane løfta fram i ABCD-kurs våren 2021 var å sikra at alle barn og unge kan delta i fritidsaktivitetar². Fire ungdommar frå Bømlo (Eirik Nitter, Lina Eidet, Mats Rissmann-Bredesen og Selma Meling) vart då del av eit nasjonalt utviklingsprosjekt forå utvikla ungdomsverktøy og stod i spissen då Bømlo hausten 2021 gjennomførte to ALLEMED-dugnad: Ein ungdomsdugnad som del av oppstartssamlinga for ungdomsrådet og ein ALLEMED-dugnad med brei representasjon frå ungdom, frivillige, næringsliv og kommune³. I januar deltok alle fire på nasjonal konferanse, med innlegg på starten av konferansen og som del av ein sofaprat: <https://www.youtube.com/watch?v=FkmNIXalDAw> (spol fram til 7:34 og 3:48:30 for å sjå Eirik, Lina, Mats og Selma i aksjon).
- Kollektivtransport: Prosjektarket for kollektivtransport frå Bekkjarvik vart lagt ved Bømlo kommune sitt innspel til skyss om årleg revisjon av rutetilbod.
- Bømlo Ungdomsråd har fronta reflekskampanje saman med Finnås kraftlag. Alle elevar på ungdomsskular og vidaregåande skular i Bømlo har fått refleksselar. Dei vart også invitert til å komma med bidrag bilet- eller videobidrag. Til fristen var det kome ni bidrag. Reflekskampanjen og bidrag vart presentert på Bømlo ungdomsråd sin Insta- og

¹ Sjå oppsummering av oppstartssamlinga her: https://www.bomlo.kommune.no/_f/p1/i50f6d5c1-84d1-4d15-9991-3fb8795f16/oppsummering-kick-off-ungdomsrådet-med-vedlegg.pdf

² ABCD-kurset var ein del av Bømlo sitt folkehelseprogram – sjå nærmere omtale av kursa og prosjektet her: <https://www.bomlo.kommune.no/tenester/kultur-idrett-og-frivilligkeit/folkehelse/> og evaluering av kursa her: https://www.bomlo.kommune.no/_f/p1/ide4680bb-073c-43b0-98c0-58790aa2cb3a/oppsummering-og-evaluering-2020-21.pdf.

³ <https://www.bomlo.kommune.no/aktuelt/vil-fa-fleire-unge-med-i-fritidsaktivitetar-i-bomlo.8795.aspx>

Facebookkonto. (Delar av) innhaldet vart delt på mellom anna Bømlo kommune, Finnås kraftlag og Trygg trafikk Vestland sine kontorar. Ein jury med Finnås kraftlag og Bømlo kommune kåra vinnaren av mest bodskapsgivande bidrag, medan ein ungdomsjury med ungdomsrådsmedlemmar som ikkje sjølv hadde kome med bidrag eller kunne nyte godt av premiepengane kåra mest kreative og mest refleksar. Under ungdomsrådsmøtet vart vinnarane presentert, før dei vart lagt ut på sosiale media.

Aksjonspunkt vidare:

- Emilie og Tuva legg fram sak på open talarstol på kommunestyremøte 14.2 (manus vedlagt)
- Bjarte og Åsa fortel meir om samarbeidet med Moster2024 med konsert og debatt om kroppspress i neste møte.
- Presentasjon av mål og arbeidsform for møteplass i Langevåg frå Line og reisten av elevrådet ved Hillestveit neste møte

PS 02/22: Prioritering av søknadar for inkludering av barn og unge til BUFDIR

Barne- ungdom- og familiedirektoratet har lyst ut midlar som ulike har søkt på i Bømlo. Me skal prioritera desse og ber om tilbakemelding frå dykk om kva type prosjekt de meiner er viktig for å inkludera barn og unge.

Rådgivar for folkehelse og frivilligheit gikk gjennom dei fem søknadane frå eksterne i årets utlysing. Ungdomsrådet peikte på følgjande:

- Ferieklubben er viktig – Det er kjekt for ungane og er eit kjent tilbod som dermed treff godt. Det er også spennande med nye tilbod frå Moster IL.
- Jobberfaring er viktig for ungdom. Det er viktig å få synleggjort kva jobbar ungdom under 18 år kan ha. Ungdomsrådet heiar på initiativet frå Moster IL. Ungdomsrådet vil byggja vidare på dette med eit prosjekt der dei inviterer næringsrådet og kommunen til eit samarbeid. Varaordførar, som også driv butikk, snakka litt om korleis ho jobbar med rekruttering av ekstrahjelper og sommarjobbar: Mange startar med utplassering og helgejobb og får sommarjobb etter kvart. Inn mot neste møte i ungdomsrådet vil ein invitera inn næringsrådet og kommunen for å diskutera korleis ein kan synleggjera kva jobbar som finns, men også kva jobbar som ungdommane kan gjera. Slik kan verksemndene få synleggjort kva ressursar ungdommane kan vera, og ungdommane lettare få veta kva jobbar som er aktuelle å sökja på. Det kan også vera viktig å få fram at ein gjerne må prøva seg som ekstrahjelp i løpet av året for å vera aktuell for ein sommarjobb.
- Ungdomsrådet hadde få innspel kring BUA og Europafilm. Verdt å merka seg at frivilligentralen i Bømlo har eit anna tilbod om gratis film for ungdom i Bømlo som var sak tidlegare i møte, med anna ekstern finansiering.

Aksjonspunkt vidare:

- Uttala frå Bømlo ungdomsråd blir inkludert i innspel frå Bømlo kommune om prioritering av midlar for tilskotsordninga for inkludering av barn og unge til BUFDIR.
- Det blir jobba vidare med initiativ om jobbar for ungdom under 18 år. Bømlo næringsråd blir invitert med på eit møte i ungdomsrådet for å diskutera dette.

PS 03/22: Uttale frå Bømlo ungdomsråd om skulebruksplanen

Skulebruksplan 2021-2036 er lagt til offentleg høyring, med høyringsfrist 06.03.2022. Bømlo ungdomsråd er særskilt invitert til å gi ei uttale. I tillegg har elevråd frå skulane blitt invitert til å koma

med eigne uttalar og elevråda har hatt innlegg på folkemøta i grändene. Kommunalsjef Bjørn Håvard Bjørklund held ei innleiing der han viste bakgrunnen for skulebruksplanen og grunngiving for dei tilrådingane som er gitt. Han inviterte deretter Bømlo ungdomsråd til å komma med innspel til kva det er viktigast at politikarane tek omsyn til når dei diskuterer samlokalisering av ungdomstrinnet til Bremnes ungdomsskule. Ettersom ungdommane ikkje blir direkte påverka av ei eventuell nedlegging av Foldrøy skule, var ikkje dette del av diskusjonen.

Innleiingsvis la ungdommane inn punkt som dei ville løfte fram via mentimeter:

- Busstransport(eller andre løysingar). Ha stor nok plass til planane, heller for mykje enn for lite.
- Reisevei
- Ungdommens behov
- Skulemiljø
- Høyra på elevane, ta tak vist det er noko problem.
- Eg syns det er viktig at politikarane tek hensyn til at mange undommar sitt behov er å vere med andre ungdommar, viktig å samle seg.
- Reisevegen kan vere både bra og dårlig, nokre kan kjenne på mobbing. Tilbod der ein heller kan reise med taxi.
- Sammenslåingen og aktiviteter etter skolene.
- At alt ikkje skal komma til sentrum, bygg heller fleire byggefelt andre stader så heile Bømlo ikkje endar opp på Leite
- Trivsel ovenfor økonomi!

Vidare hadde ungdomsrådet ein diskusjon der fleire moment vart løfta fram:

- Korleis sikrar ein at skula blir faktisk stor nok, inkl. hallkapasitet?
- Kan ein risikera at folk vel å flytta til sentrum om ungane må reise langt?
- Ungdommens behov: Meir i lag – ungdommane – særleg etter pandemien har me behov for å bli kjent med nye folk. Politikarane bør ta det med seg.
- Det er bra om ein slår saman – med veldig få på eit kull kan man få fleire vene og fleire moglegheiter. Skal meir til for at nokon ikkje finn nokon å vera med når ein får større miljø.
- Unge i større miljø – på fritidsaktivitetar: Finn ein seg sjølv?
- Forandring frå barne- til ungdomsmiljø er positiv.
- Mobbing: Kan vera vanskelegare å jobbe med mobbing på ei større skule: Då kan det vera vanskeleg å finna årsaka – må jobba for det.
- Får fleire valfag på større skular.
- Viktig at det blir to separate vedtakspunkt i saka – Det er forskjell på Moster og Hillestveit
- Ved å samlokalisera blir ein betre kjent på tvers av bygdene
- Jo fleire elevar – jo mindre får lærarane tid til å sjå kvar enkelt – føler seg meir sett
- Det er stor forskjell på lærarane. Det er ikkje nødvendigvis ein samanheng mellom storleik på skulane. I vår klasse har me lærarar som ser oss. Får hjelp med det ein treng.

Aksjonspunkt vidare:

- Diskusjonspunkta frå møtet i ungdomsrådet blir sendt som merknad til skulebruksplanen og lagt ved politiske sakar.

PS 04/22: Eventuelt

- Spørsmål frå Moster2024 om mogleg utvekslingssøknad. Ungdomsrådet var svært positive, men peikte på at juli var eit uheldig tidspunkt, slik at ein heller bør jobbe for å få besøk i juni eller august.
- Ungdomskino: Bømlo frivilligsentral har fått midlar til å ha gratis filmar for ungdom i Bømlo.
 - o Dagleg leiar i Frivilligsentralen spør om ein kunne tenkja seg å laga eitt større arrangement i Langevåg heller enn å køyre same film parallelt kvar gong. Spørsmålet blir sendt vidare til elevrådet ved Hillestveit skule, med ei potensiell budsjetttramme.
 - o Det er eit breidt spekter med filmar tilgjengelege som ungdomsfilm. Ungdomsrådet vil lage instagramstemming. I tillegg vil ungdomsrådet ta initiativ til ein kort film som kan sendast i forkant av filmen for å forhindra gris og bråk. Dei tek også ansvar for Kahoot eller liknande i etterkant av filmen som sosialt. Ansvarleg: Marianne.

Bømlo 07.03.22,

Lene Borgen Waage